



**Uskedalen.no har vist seg til å verta ei side som mange er innom og besøkjer. Det er fleire som held seg oppdatert ved å sjå på teljaren, og har også fått med seg auken i besøkjande.**

Om vi ser januar -07 mot oktober -07, er det ein auke i lesarar på heile 62%. Mellom desse månadane har ein hatt ein jamn auke, utanom juni. Det er vanskeleg å sei kvifor juni har nedgang, men eg trur ikkje vi skal vera langt vekke om vi skuldar litt på det fine sommarveret.

Besøksrekorden på sida, frå starten 01.07.06 og fram til 22.11.07, vart satt den 06.11.07. Då var det heile 1299 besøkjande, som leste 6,3 sider i snitt. Grunnlaget for besøket var husbrannen i Skårhaug, men med eit så høgt snitt, var det også fleire andre sider som vart besøkt denne dagen.

Sida har fått eit stort arkiv både med bileter og nyhender. Det er over 1400 nyhender og rundt 3000 bileter inne på sida. Her ligg det store verdiar for bygda, noko som igjen er dugnadsbasert arbeid. Med så mange nyhender og bileter, kjem uskedalen.no opp som eit alternativ på stadig fleire søkjeord. Om vi ser på søkjeuttrykka som har hatt henvisning til uskedalen.no, så er den lista lengre og lengre for kva månad. For eksempel: Snakkar statistikken sant, så er interessa for [vinhøner](#) stor no før jul.

Uskedalen.no og Innsida har hatt eit godt samarbeid. Innsida har vist til uskedalen.no i fleire saker, og det har hjulpe. No er det også lagt inn link på sida deira, med von om at det generer til fleire besøkjande. Men det er ikkje berre frå Innsida lesarane kjem. Her kan ein nema; Grenda, mauranger.no, herøysund.no, hordanett.no, , nettby, facebook, blogger, og mange andre sider. Ja, til og med ei svensk nettside som kallar seg havfiskeguiden har fått med seg at det vart [fiska ein stor rugg ved skorpo](#)

Det er meist ikkje grenser for kva ein kan bruke sida til, og er det noko du saknar, eller har du ein ide, så ikkje nøl med å ta [kontakt](#).

God helg!  
-Magnhild Haugland